



Mynde
Organisasjonar
Naboar

Deres ref: | Vår ref: 10260975-01
Dokumentkode: 10260975-01-PLAN-BRE-001
Tilgjengelighet: Åpen

Trondheim, 20. mai 2025

DETALJREGULERING VED ULVESUNDET, KARISKJERET OG TEKNESKJERFLUA, TILTAK I FARLEIA I KINN KOMMUNE

Melding om oppstart av planarbeid , høyring og offentlig ettersyn av planprogram, planid 20250003

Vi varslar om at det blir starta opp arbeid med detaljregulering ved Ulvesundet, Kariskjeret og Tekneskjerflua for tiltak i farleia. Planen skal bli konsekvensutgreia og planprogram er lagt ut til høyring og offentlig ettersyn. Varslinga er i samsvar med plan- og bygningslova §§4-1 og 12-8.

Multiconsult sender ut varsel og tek imot merknadar for Kystverket, samt høyring og offentlig ettersyn av planprogram for arbeidet.

Formålet med planarbeidet er å gjera det sikrare og meir framkomeleg for fartøy som trafikkerer i hovudleia mellom Florø og Stad. Det er difor behov for å utdjupe fleire grunner på strekket, både i Bremanger kommune og i Kinn kommune.

Kystverket har målsetting om at massane som vert fjerna i utdjupeinga skal bli nytta til utbygging med formål som har samfunnsnytte som td. opparbeiding av næringsområde. Kystverket vil difor ha møter med kommunane for å få innspel til aktuelle område som kan ta i mot massar. For å sikre gjennomføring av utdjupeingstiltaka dersom gjenbruk av massane til utfylling frå land ikkje lar seg gjere, vil det i tillegg vere naudsynt å regulere for sjødeponi.

Planområda for tiltak på strekningen Florø – Stad er vist i Figur 1. Planområda i Kinn kommune er skildra på s. 3-5.


Planprogram med vedlegg og kartutsnitt for planområda er lagd ut på www.kystverket.no og www.kinn.kommune.no.

Om du ynskjer meir informasjon, kontakt: Multiconsult v/Sissel Enodd, tlf. 45 26 95 62 eller Kystverket v/ Trym Hauge Nilsen tlf. 47 85 59 73.

Merknader til planprogrammet og/eller innspel til reguleringsarbeidet kan rettast til:

Multiconsult v/ Sissel Enodd,
sissel.enodd@multiconsult.no, eller Postboks 6230 Torgarden, 7486 Trondheim,

Frist for å sende merknader og/eller innspel er den 04.07.2025.



Figur 1 Planområde for planl tiltak i farleia strekning Florø – Stad.




Tekneskjerflua og Drogaskjerflua

Grunnene ved Tekneskjerflua ligg litt aust for Nordre Nærøya, og vest for Uraholmen og Kalvegjerdet. Grunnene ved Drogaskjerflua ligg sør-aust for Drogaskjeret og vest for Uraøya, omtrent 1,5 km nord for Tekneskjerflua. Ved Tekneskjerflua er farleia for smal til at to større motgåande fartøy kan passere kvarandre. Ein må vente eller slakke av på farten for å flytte møtepunktet.

Ved Drogaskjerflua er det også får smalt for passasje. Farleia ligg her i ein sving, Dette fører til at plasseringa av fartøy som passerer kvarandre ikkje er ideel. Nordgåande trafikk blir ofte pressa øst med fare for å grunnstøyte. Situasjonen kan og vera at fartøy passerer for nære kvarandre.


Massane ved Tekneskjerflua og Drogaskjerflua utgjør hovudsakleg sprengstein, med litt lausmassar i groper og sprekker over nokre av grunnane. Det er søkt etter moglege lokalitetar for sjødeponi i heile strekket . Det er lokalisert tre område som kan vere eigna til sjødeponi kalla nord og vest for Tekneskjerflua og vest for Villevika, som vil bli utgreia i planarbeidet.



Figur 2 Utdypingstiltak ved Tekneskjerflua og Drogaskjerflua (raud markering) og lokalitetar for sjødeponi som skal bli utgreia (gul markering).

Kariskjeret

På veg mot Måløybrua og Ulvøysundet må ein runde Kariskjeret for å kunne rette kursen inn mot Måløysundet. Fartøy kjem litt for langt vest i forhold til ny kurs og har i mange tilfelle ikkje tilstrekkelig distanse til å rette opp fartøyet for å styre mot austre led under Måløybrua. Det er mykje bakgrunnsbelysning og visuell støy for navigatørar som seglar nordover, noko som gjer segling mot og passasje under Måløybrua utfordrande. Det kan oppstå fare for kollisjon dersom nordgåande fartøy kjem langt vest i svingen og over i sørgåande lei ved Kariskjeret. For andre fartøy kan det vere vanskelig å forstå ruta til nordgåande fartøy som har kommt langt vest i farleia, og kommunikasjonsproblem og misforståingar kan bidra til at ein farleg situasjon oppstår. Det kan òg vere straum i området som er spesielt utfordrane når ein går nordover. Ved for tidleg sving av nordgåande fartøy er det fare for å grunnstøyte på Kariskjeret eller grunna nordaust for Kariskjeret. Fartøy kan i tillegg bli pressa aust mot grunna (og land) av møtande trafikk eller vestleg vår. Det er difor naudsynt å utdjupe grunner til -12,3 meter. Massane utgjør hovudsakleg sprengstein, med litt lausmassar i groper og sprekker over nokre av grunnane. Det er søkt etter moglege lokalitetar for sjødeponi i heile strekket Skatestaumen . Fåfjorden - Vågsfjorden og det er lokalisert to område som kan vere eigna til sjødeponi. Det eine, Gjermundsfluda, ligg i Kinn kommune.



Figur 3 Tiltak utdyping ved Kariskjeret (raud markering) og mogleg lokalitet for sjødeponi Gjermundsflua (gul markering).


Ulvesundet og Sildefjorden (Smørskjerene)

Ulvesundet er nordleg innsegling til Måløy. Her er hovedleia prega av ei rekkje mindre grunner rundt – 10 – 12 meter. Dagens farleibreidde er ca. 140 meter på det smalaste med djupne på -14 meter eller meir. Området er relativt grunt til å vere hovudlei og ligg utsatt til med omsyn til vêr. Trafikk som ikkje er begrensa av Måløybrua (41 meter seglingshøgde) seglar gjennom farvatnet. Det same gjeld enkelte store fartøy som skal til Måløy, men som er for høge til å gå under brua frå sør. Ved vind frå nordvest oppstår mykje svell, noko som kan gi farlege situasjonar og uønskt lav djupne for fartøy med djupgang fra rundt 6 meter. Trafikken er preget av høy hastighet og vikesituasjoner. Hardt vêr frå nord og vest kan føre til ujevn kurs for sørgående fartøy, noko som gjer møtesituasjonar utfordrande. Farleia er smal og grunnene gjer området krevjande å segle i. Saman med møtande trafikk, flytande merker utan lys og svært avgrensa merking langs land på vestsida, er dette ein del av leia som er vurdert til å ha relativt høg risiko for grunnstøyting og kollisjon. Det er difor behov for å utdjupe seks mindre grunner i sjøområda aust for Halsøyrvika og nord mot Skongsneshelleren. Breidda på farleia vil da auke til omtrent 275 m.

Kystverket har fått innspel frå Nordfjord havn om at dei ser behov for at to mindre grunner i Sildefjorden, Smørskjerene, blir utdjupe og at dei blir teke med i planarbeidet. Cruiseaktiviteten i Måløy er i seinare tid blitt ei viktig næring for Kinn kommune. Med unntak av nokre få skip, går alle cruiseskip til/frå Måløy i farleia aust for øya Silda. Ved å utdjupe to av Smørskjerene i Sildefjorden til – 14,3 m, vil ein få ei sikrare farlei for dei store cruiseskipa med anløp Måløy.



Seks mindre grunner i Ulvesundet og to grunner ved Smørskjerene i Sildefjorden skal bli utdjupa til -14,3 m. Massane utgjør hovudsakleg sprengstein, med litt lausmassar i groper og sprekker over nokre av grunnane. Det er lokalisert to område som kan vere eigna til sjødeponi og som vil bli utgreia i planarbeidet som er ligg Aust for Nobba og nordaust for Lysholmen.



Figur 4 Tiltak for utdjuping ved Ulvesundet - Sildefjorden (raud markering) mogleg lokaliteter for sjødeponi (gul markering).

Med vennlig hilsen

Multiconsult

Sissel Enodd

Arealplanlegger/Landskapsarkitekt/Ansvarlig søker